

INFORMASJON TIL FASTLEGE

Alle helseforetak er pålagt å ha eit tilbod til pasientar som ynskjer opplæring i eigenkontroll av Marevan-behandling.

Etter avtale med medisinsk avdeling ved Førde Sentralsjukehus vil denne opplæringa i Sogn og Fjordane bli gitt av Noklus i samarbeid med Læring og Mestringscenteret på Førde Sentralsjukehus.

I løpet av 21 veker skal pasienten gradvis bli klar til å utføre eigenmåling av PT-INR og dosere si eiga Marevanbehandling. Under opplæringsprogrammet må pasienten delta på to kurskveldar. Det vil bli gjeve opplæring i bruk av analyseapparatet CoaguChek XS og pasienten får individuell opplæring i måleteknikk. Pasienten skal og lære om den medisinske bakgrunnen for Marevanbehandling, forhold som påverkar INR-verdien, og doseringsprinsipp. Pasienten vil utføra målingar sjølv, og i løpet av kurstida skal det takast blodprøver for kontrollmåling av PT-INR. Desse prøvane kan takast på heimstaden, og skal sendast til LMBB ved Førde Sentralsjukehus for analysing. I løpet av perioden får pasienten gradvis større og større kontroll over tolking av PT-INR resultat og dosering av Marevan, og målet er at pasienten etter opplæring sjølv skal kunna måla PT-INR og dosera Marevan. Til slutt skal han/ho gjennomgå ei avsluttande prøve.

Ein bioingeniør vil vere ansvarlig for den tekniske opplæringa, og er kontaktperson for pasientane. Ein lege tilsett ved medisinsk avdeling ved Førde Sentralsjukehus vil vera medisinsk ansvarleg for pasientane i kursperioden. Når pasienten har bestått den avsluttande prøva, vil det bli sendt informasjon om det til fastlegen, og ansvaret for vidare oppfølging blir så overført fastlegen.

For å delta i opplæringa må pasienten være i stand til, og motivert for å ta ansvar for eigen Marevanbehandling. Det vil sei at han/ho må kunna læra å ta blodprøver, ha god kontroll på eigne medisiner, kunne fylle ut journal og samarbeide med Noklus i opplæringsperioden. Denne vurderinga bør gjerast av fastlegen i samråd med pasienten.

Dersom fastlegen vurderer at pasienten kan få opplæring i eigenkontroll av Marevanbehandling skal tilvising sendast til medisinsk avdeling, Førde Sentralsjukehus.

Ynskjer du meir informasjon eller har spørsmål om eigenkontroll av Marevanbehandling er du velkommen til å ta kontakt via epost eller telefon:

Laboratoriekonsulent Kari-Anne Melvær Strømmen
tlf: 57839230/90682961, e-post kari.anne.strommen@helse-forde.no